


Dyrkolbotn Fjellstove Leirskole og gjestehus

Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES



Telefon : 56 35 60 68
www.dyrkolbotn.com
Org.nr: 985 868 344 mva

Lindås kommune
Rådhuset

Dykkar referanse: 14/7875 – 15/1056

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
15. 04. 2015	
Ark. saknr.	
Saksh.	Tilleggsarbeid

BYGGESAK gnr 247 bnr. 10 i Dyrkolbotn. Driftsbygning

I brev datert 09.02.2015 bed de om tilleggsdokumentasjon i byggesaka.

1. Fasadeteikningar

Vedlegg 1: Oppdaterte teikningar 11.04.2015 frå arkitekt Nos som teikna leiskulen i si tid. To små endringar etter innspel frå mattilsynet (flytting av vask), og geitebonden Øystein Hole (ekstra dør)

2. Situasjonsplan

Vedlegg 2: Situasjonsplan som syner at avstand frå bygningskropp til vegmidte er om lag 20 meter, slik som grunnflata no faktisk vart plassert. På grunn av djup snø er det vanskeleg å få målt heilt nøyaktig. Vi drog bygget litt mot nord og vest for å få plass til takras på austsida. Men bygget kjem ikkje så nær at det trengst dispensasjon etter veglova.

Lindås kommune som eigar av kommunevegen er næraste nabo til bygget, og berre eigedomsgrensa mot vegen må vurderast etter Pbl. Underteikna/Dyrkolbotn Fjellstove eig både bnr 10 og bnr 15 i nord, og vi er samde i tiltaket!

Situasjonsplanen syner også planlagt utløp for vaskevatn.

Det skal førast fram til ein liten bekk nord for avkjørsla. Det kjem noko meir vatn i denne bekken når vi får drenert ut rundt fjellstova og får samla overflatevatnet. Dette vatnet endar no opp «litt her og der», men skal samlast i same bekk.

Vaskevatnet er ca 50 liter pr døgn frå mjølkeanlegget, med ca 2 dl vaskemiddel pr døgn. I tillegg kjem oppvaskvatn med Zalo frå oppvasking av ystekjel og osteformar. Toalett skal det ikkje vere på stølen. Geitene skal gå på talle i den grad dei skal vere inne, i alle høve skal golvet vere tett slik at det ikkje vert avsig.

3. Nabovarsel

Vi har no sendt nabovarsel til alle som de hadde på lista dykkar, nabo eller ikkje nabo. Vi har då også sendt nabovarsel på nytt til dei som fekk det i haust, sidan dei ikkje fekk teikningar då. Eg beklagar at eg kom i skade for å nabovarsla etter gammalt regelverk.

Vedlegg 3: Gjenpart av dei nye nabovarsla. Eg legg også ved kopi av alt som vart lagt ved nabovarsla.

Vi har fått merknad frå Jorunn og Jostein Dyrkolbotn. Dei er ikkje naboar, men Jorunn Dyrkolbotn sit framleis med heimelen på gnr 247 bnr 11, avdi ho ikkje vil medverka til å få tinglyst heimelsovergang no. Dette skulle ho ha gjort avdi dei valde ein annan stad å byggja huset sitt. Eg legg ved dokumentasjon for at ho ikkje lenger er rettmessig eigar av tomta.

Vedlegg 4: Tinglyste skøyte på gnr 247 bnr 11

Likevel vil eg svara på Jorunn og Jostein Dyrkolbotn sine innvendingar:

Geiter kan vere vanskelege å styre, men det er ikkje umogeleg.

Geitene som skal opp i Dyrkolbotn held til vanleg til i eit område med langt fleire naboar utan at det byr på nemneverdige problem. Øystein Hole tek godt vare på geitene sine.

Terrenget er slik at det bør vere forholdsvis greitt å halde geitene inni dalen.

Vassdrag stenger mot vest. Vatn er ein effektiv stoppar for geiter.

Det er difor ikkje mykje gjerding som skal til for å halde geitene på plass.

I tillegg til vanleg gjerde tenkjer ein å bruke elektrisk gjerde der det trengst. Geiter er særst sensible for støt, mykje meir enn sauar.

Det er ikkje barskog i området som geitene skal gå i, eller i nærleiken av dette.

I området er det litt bjørkeskog og kratt, men det er berre ein fordel at dette vert halde i sjakk.

Det er ukjent for meg at det skal eksistera noko forbod mot geiter i området. Det har då også vore geiter både på Eikefet og øvst i Romarheimsdalen (på «Dalen») inntil for nokre år sidan.

Det vert verst for fjellstova om vi ikkje klarar å styre geitene. Også av den grunn har vi tenkt å klare å halde geitene på beiteområdet inni dalen, i nord. Jorunn og Jostein bur mykje lenger frå stølen enn fjellstova, og i motsett retning av beiteområdet.

Innvendingane gjeld geitehald meir enn bygningen. Denne typen innvendingar kan vel ikkje stogge byggeprosjektet, dei må eventuelt koma attende til saka og bruke nabolova dersom geitehaldet mot formoding skulle vise seg å bli til plage for dei. Vi tenkjer at vi skal klare å unngå det.

4. Ingen skredfare

Vi bed om å få sleppa ekspert-utgreiing om skredfare på driftsbygningen.

Kartkompetansen til ingeniørane i kommunen, på kart og på teknisk, er meir enn stor nok til å vurdere sjølv at her ikkje er rasfare.

Det er det reine nonsens at her er skredfare. Ein kvar kan sjå sjølv at det er ein heil dal (Hosdalen) mellom oss og utløysingsområda for skred i fjella i aust og søraust. Fjellstova ligg dessutan i ly for «Trollholehaugane». Ras frå storefjellet i nordaust går då anten på Nordsida av «Trollholehaugane» og nedover mot Botnavatnet, eller raset fylgjer Hosdalen sørover i retning av Nyseter. Dette er lett å sjå i terrenget, men kan også lesast enkelt ut av kart.

Så den einaste «nytteverdien» av å kreve ein ekspertuttale her, er å skaffe inntekt til geologar. Men vi har ikkje råd til å betale 30-40.000, særleg når det er utan nytteverdi for oss og gjestane våre.

De viser til kommuneplanen som igjen byggjer på skrednett.no, og skriv at datamaskiner har berekna at fjellstova ligg i eit «utløpsområde for skred». Det stemmer ikkje.

Data er brukt for å finna moglege utløysingsområde for skred, det vil sei til å farge raudt ved tette høgdekurver på Skrednett.no. Men det rosafarga utløpsområdet for skred som er teikna inn på heile fjellstoveområdet, det er teikna inn manuelt, på frihand, av eit menneske. Dette er lett å sjå, avdi det aller meste av rosafarga areal hjå oss ikkje ligg i fallretning for noko raudfarga utløysingsområde. Skred utan utløysingsområde lengst oppe?? Det finst sjølv sagt ikkje.

Dataprogrammering krev logikk, så dette «utløpsområdet» ved fjellstova kan ikkje vere automatisk generert av ei datamaskin.

Sitatet dykkar frå VTEK10§7-3 talar såleis direkte urett om at utløpsområda er automatisk berekna. Prov for at sitatet er urett, står dessutan på side 3 i produktspesifikasjonane for aktsomhetskartet:

« Utløpsområdene er beregnet ved bruk av en empirisk basert modell utviklet av NGI. Dette arbeidet er gjort manuelt. Deretter er de aktuelle områdene befart og vurdert av sakkyndige, før grensa for aktsomhetsområdene er tegnet inn»

I Trollholehaugane, om lag 60 meter aust for fjellstova, er det rett nok teikna inn eit lite «utløysingsområde» for skred på 20x20 meter. Så i ei datasimulering kunne det teoretisk teiknast inn eit bitte lite snøras med utløpsområde om lag midt på fjellstova. Men dette er heller ikkje reellt, for «utløysingsområdet» ligg i Trollholehaugane, og der er det som namnet tilseier haugar og plata vekselvis med bratte skrentar som det ikkje legg seg snø i. I slikt terrasse-liknande terreng løsnar det ikkje snøras. Aldri. Dessutan veks det fjellskog der, og det også hindrar utløysing. Sjå vedlagde biletserie som synleggjer at det ikkje går snøras i Trollholehaugane, og kvifor.

Eg understrekar at det aldri har gått snøskred i utbyggingsområdet rundt fjellstova, og at terrenget er slik at det aldri nokon gong vil gå snøskred her. Det er difor fjellstova er bygd der den er bygd, av familien Dyrkolbotn som har budd her i over 200 år og som veit det meste om snøskred i området. Fjellstova har mange tusen overnattingar kvar vinter, og ingen har nokon gong tvilt på at her er trygt for snøras. I så fall hadde vi sjølv straks stengt huset. Denne saka handlar slett ikkje om at nokon trur at her kan vere snørasfare, det handlar om at ein useriøs person har vore ute med rosa fargeblyantar. Teiknaren av utløpsområde for skred har blitt så ivrig at han har kome i skade for å teikne skred i motebakke også andre stader, til dømes på vestsida av Vassfjell nær E39. Der var det kanskje von om å få Vegvesenet til å betale for ei «ekspert»-utgreiing?

Eg legg ved kart med markering av terrengryggar som hindrar ras i retning av fjellstova. Det trengst ingen geolog for å forstå dette. Geologar er neppe dyktigare enn kommunen sine ingeniørar til å forstå kart, høgdekurver og fallretning. Det er grunntilhøve geologar har best utdanning i. Men vurdering av grunntilhøva her er uinteressant, avdi rasa uansett går i andre retningar enn mot fjellstova og mot vårt byggeområde.

Vedlegg 5: Kommuneplankart påført aktsomhetsområde for skred frå Skrednett.no

Vedlegg 6: Aktsomhetskart frå Skrednett.no med markering av terrengryggar. 1:5000

Vedlegg 7: Kart med endå tydelegare markering av høgdekurver og terrengryggar 1:2000

Vedlegg 8: Faresonekart frå Skrednett.no påført terreng-kommentarar. 1:1250

Merk spesielt: Faresonekartet er teikna etter grundige skredvurderingar. Det er ingen markeringar av skredfare i Dyrkolbotn på faresonekartet, berre i dei unøyaktige aktsomhetskart.

Skredfaren i Dyrkolbotn ser likevel ut til å vere nokonlunde rett markert ved dei svarte markeringane på aktsomhetskartet i Skrednett.no. Dette er ein tidlegare registrering enn dei raude og rosa. Det svarte ser ut til å vere omdefinert til berre å gjelde steinskred i ettertid. Opprinneleg trur eg at også det svarte må ha vore markert med tanke på snø, avdi utløpsområda går så langt utover (flat vinkel) at det berre kan nåast med laus-snøskred. Altså lenger ut enn våtsnøskred og steinar og jord kan nå. Til dømes langt ut på Botnavatnet.

Men heile aktsomhets-kartet er uansett for unøyaktig til at det lovleg kan leggest til grunn i kommuneplanen sin arealdel, slik kommunen har gjort. Dette er utrykkeleg slått fast i NGU sine eigne produktspesifikasjonar for kartet. Kartet held to klassar for dårleg nøyaktigheit, «nokså god», men skulle hatt «meget god» for å kunne brukast i kommuneplanen sin arealdel. Heile pålegget om at vi skal skaffe «ekspertuttale» før bygging av noko som helst, er difor ugyldig. Det einaste som aktsomhetskartet på Skrednett.no kan nyttast til, er å minna kommunen sjølv på å vurdere om det kan vere rasfare når dei får ein byggesøknad. Dersom sakshandsamaren ut frå si eiga vurdering kjem til at det kan vere rasfare, så kan han/ho kreve ytterlegare ekstpertuttale etterpå for å tillate bygging. Men det kan ikkje etablerast noko generelt krav om at det skal hentast ekstpertuttale ut frå berre rosa farge på Skrednett.no. Prov: At denne vurderinga er rett, framgår av

Vedlegg 9: Produktspesifikasjonar «ND snø- og steinskred – aktsomhetsområder» versjon 4 side 2, 7 og 8.

Eg har blitt kjent med at kommunen heller ikkje hadde tenkt å leggja aktsomhetskartet frå Skrednett.no til grunn i kommuneplanen sin arealdel og kreve «ekspertutgreiing» før fjellstova kunne få byggja noko. Men dette kravet kom inn i arealdelen etter krav i høyringsrunden frå ein eller annan instans. Dersom denne instansen er NVE eller NGU, så har dei handla mot betre vitande, til skade for oss. Eg bed difor om kopi av denne høyringsfråsegna og av alle notat etter telefonsamtalar ol. angående «skredfare» ved fjellstova. Eg har også fått vite at tilsvarande «skred-problematikk» som hjå oss har dukka opp andre stader, også i nabokommunar. Det vert kravd kostbare «ekspertuttaler» på same ulovlege grunnlag som i vår sak. Det vil sei på grunnlag av «nokså gode» kart og rosa fargelegging i Skrednett.no. Denne saka bør granskast vidare.

Avslutningsvis vil eg peike på at akkurat når det gjeld driftsbygningen/stølen vår, så ligg den til overmål i ly av fjellstova. Det vil sei at eit snøras som måtte ha tenkt på å renne i strid med fallretning og hoppe 20 meter opp over «Hosdalsleitet», i tillegg må renne tvers gjennom fjellstova for å nå fram til stølen. Det er opplagt uråd.

Som sagt: Eg bed om at kommunen sin eigen ekspertise ettergår rasvurderinga vår, utan at vi må betale store mellomlegg til geolog. I denne saka er geolog ikkje ein naudsynt utgift å påføra oss.

Vedlegg 10: Biletserie. Alle bileta er frå same dag, den 23. mars 2015. Bileta syner at det ikkje går ras nær fjellstova, og kvifor det er slik. På bileta ser vi fjellryggane tydeleg. Bileta er tekne 13 dagar etter at E39 i Romarheimsdalen var stengt ei veke pga snøras. Også i Dyrkolbotn gjekk det mange snøras, og nokre av dei er med på bileta. Men som vi ser er det ingen ras i nærleiken av fjellstova.

Vikanes, 14. april 2015

Venleg helsing

Signhild Dyrkolbotn